



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 04.11.2021
Møtestad: Øvre Helland samfunnshus
Møtetid: 09:00 - 15:00

Orientering om barnevernstenesta v/leiar Jannicke Sandvik kl 0900

Formannskapet ba i møte 21. okt om at ein drøftar bustadutvikling på og nær Mo som tema i kommunestyret.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik førebur presentasjon om temaet til kommunestyremøtet 4. nov.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordførar	
Ove Eidsnes	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordførar	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	Meldt forfall
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Anne Britt Almelid
Siren Bruvik	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Magne Verpelstad	Økonomisjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
044/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/2021	Godkjenning av møteprotokoll
046/2021	Feilregistrering
047/2021	Orienteringssaker
048/2021	Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031
049/2021	Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden
050/2021	Økonomirapport pr 2. tertial 2021

Notat frå møtet:

044/2021: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Temasak om bustadutvikling på Mo vert utsett grunne forfall frå teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

045/2021: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

046/2021: Feilregistrering

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

047/2021: Orienteringssaker

Behandling:

Barnevern

Vaksdal kommune - barnevern v/ Jannicke Sandvik (leiar) og Jill B. Johansen presenterte
tilstandsrapport 2020 - barnevernet i Modalen kommune. Orienterte om at Vaksdal greier ut mogleg
samarbeid med Osterøy kommune.

Pr. no er det uavklara korleis ei evt. organisering/lokalisering vil sjå ut. Sannsynleg med sak til kommunestyret i Vaksdal i løpet av 2021. Modalen kommune er godt organisert med omsyn til førebyggjande arbeid på oppvekstområdet. Kvar kommune v/ kommunestyret skal vedta plan for førebyggjande arbeid. Dette grunnlaget vil bli drøfta og arbeidd med i Modalen sitt oppvekstnettverk, som også inkluderer barnevernet.

Gjennomgong Modalen Næringsbygg v/ Ordførar

Ordføraren orienterte først om kommunestyrevedtaket som ligg til grunn. Industriutvikling Vest (IUV) har fått oppdraget. Status er at i veke 38 gjennomførte IUV møter med utvalde bedrifter i Modalen. Føremålet var å få innspel til næringsutvikling. I tillegg vart det gjennomført samtalar med Modalen Næringsbygg.

26.okt vart det gjennomført ope møte mellom IUV, verksemdar i Modalen og Modalen kommune. 19 stk møtte - god oppslutning, og gode diskusjonar. På møtet vart ulike utviklingstema drøfta; utviklings- og utfordringsmoglegheiter, bustadattraktivitet m.m.

Neste steg er at IUV legg fram første utkast til rapport i veke 48.

Drøfte bustadutvikling

Dette vart utsatt grunna sjukdom.

Rådmannen orienterte

Bispevisitas vart gjennomført 28.okt. Tilbakemeldingar frå biskopen var at dette var eit godt besøk.

Nytt kommunehus: opningsfest er planlagt ut på nyåret. Administrasjonen si målsetjing er framleis å kunne flytte inn veka før jul. Det vil bli halde namnekonkurranse for nybygget. Formannskapet løyver el-sykel som premie for det namneforslaget som vinn fram, og ber om at det vert lyst ut konkurranse på kommunen si heimeside. Formannskapet er jury og tek avgjerd om nytt namn.

Tilsette som skal ha arbeidsplassen sin i nybygget skal ikkje nytte parkeringsplassane v/ butikken. Pr. no er dette ei utfordring grunna avstenging av parkeringsmoglegheiter (rassituasjonen), samt mange handtverkarar som parkerer rundt omkring. Rådmannen beklaga dette ovanfor butikken.

Rasområdet: reinsking nærmar seg ferdigstilling i neste veke. Dette heng likevel saman med vind-/regnforholda. Deretter vert det 1 - 2 veker med boltingsarbeid i fjellet, før det vert gjennomført oppreinsking og reparasjonsarbeid rundt og på Bryggjeslottet.

Vilkårsrevisjon Modals- og Steinslandsvassdraget; ordførarar i kommunar som er involvert i dette arbeidet har bede om utsetjing av høringsfrist. Laksen si vandring er i dette arbeidet eit viktig punkt. Teknisk etat v/ landbruk peiker på at Modalen kommune bør hente inn fagkompetanse som kan greie ut og gje råd. Konkurranse er utført hjå aktuelle, og pris på slikt arbeid er estimert til ca. kr. 100 000,-. BKK har tilbydd å finansiere ca. kr. 50 000,- av dette. Det er rom for dette innanfor budsjett 2021 (ansvarsområde - rådmannen). Rådmannen ynskjer signal frå kommunestyret om dette kan iverksetjast. Kommunestyret hadde ikkje motsegn.

Budsjett- og økonomiplanarbeidet er i rute.

Orientering v/ Liv Anne Aanesen

NGIR (renovasjonsselskapet) har gjennomført representantskapsmøte. Utfordring no er moglege kryss-subsidiering som gjeld tenester til private og tenester til næringsliv. Kommunaldel skal vere sjølvfinansierande, medan næringsdelen skal drivast med økonomisk vinstføremål. Uavklara om det kan vere andre private aktørar som kunne tenkje seg inn på marknaden. Er NGIR korrekt organsiert i forhold til slik utfordring. Evt. bør det gjennomførast anbodskonkurransar. Det er satt i gong ein prosess i NGIR for å greie ut denne probelmstillinga som er venta svar på i 2022. Anna sak: Bør NGIR oftare møte kommunestyra for orientering? Modalen kommune ynskjer dette velkommen.

iModalen AS - Pilotprosjekt som vart prøvd ut i sommar "Cruise & hike" saman med Rødne (båtrute mellom Bergen og Modalen) og Norway Mountain guides. Produktpakke vart utarbeida og finansiering fall på plass. Erfaring: 4 turar à 10 plassar med Rødne vart gjennomført i juli, med til saman 8 betalande gjestar (potensielt 40 personar). Prisen var kr. 1600,- pr. person. Rødne viste til at markedet for deira del var veldig redusert grunna pandemien. Marknadsføringa samla sett burde vore betre, inkl. bookingtilgong. Rødne har gjeve uttrykk for at dei er interessert i å prøve på nytt i 2022. Veldig gode tilbakemeldingar frå dei 8 gjestane. Det vert difor ein sesong nr. 2. Må vurdere evt. slitasje på stiar og forvalte på ein god måte. Difor er det ynskjeleg med avgrensa tal gjestar/personar. Utfordring framover; kven skal vedlikehalde og ivareta stien til Slottet og andre stiar i kommunen som er mykje i bruk?
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

048/2021: Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031

Behandling:

Ass. rådmann Ove Sæbø orienterte.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til:

1. innhald og føringar i «Felles satsingar for helse- og omsorgssektoren i Nordhordland 2021-2031», og forpliktar seg til å ta del i felles dialog og prosess om dei tema som planen omhandlar.
 2. at Kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i Nordhordland får i oppdrag å koordinera og organisera oppfølging av prioriterte område i planen.
 3. at det vert utarbeidd handlingsplan for konkretisering av tiltak knytt til dei prioriterte områda, og at Rådmannsutvalet får mandat til å godkjenna tiltak i handlingsplan.
 4. at konkrete tiltak som forpliktar må forankrast i kommunen, og kommunen kan reservera seg mot å gå inn i konkret samarbeid sjølv om ein har slutta seg til planen.
-

049/2021: Justering av kommunegrensa - Alver, Modalen og Masfjorden

Behandling:

Ordføraren innleia om at Alver kommune har gjort vedtak om ikkje å støtte utgreiing. Masfjorden kommune sitt vedtak er nokonlunde likt med framlegg (i denne saka) frå Modalen kommune.

Motteke brev frå R. Enger (privatperson) er delt med kommunestyremedlemmane.

Ordføraren understreka behov for å kunne ha eit godt beslutningsgrunnlag for å kunne fatte beslutning. Difor ynskje om utgreiing.

Sigrunn Almelid og Linda Neset uttalte støtte til utsegnen frå ordføraren.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Modalen kommune støttar innbyggjarinitiativet til konsekvensutgreiing av grensejustering mellom Alver og Modalen kommunar.

Modalen kommune bed om at tilhøva som vert gjort greie for nedanfor vert teke med i ei evt konsekvensutgreiing.

050/2021: Økonomirapport pr 2. tertial 2021

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad oppsummerte hovudpunkt i rapporten, inkludert budsjettjusteringar. Ann Jorunn Farestveit spurde om ein skulle flytte innkjøp av bil til budsjett 2021? Økonomisjefen viste til at det burde nok vore gjort.

Rådmannen orienterte om at sak vedr. bil var av noko teknisk art. Bestilling vart gjort for 2020, men levering av bil vart gjort i 2021, difor kom faktura for 2021 og vart betalt og ført på 2021-rekneskapen.

Linda Neset: ser økonomisjefen nokre utfordringar for kommande år? Økonomisjefen viste til forventna reduksjon i inntekter, jfr. t.d. eigdomsskattegrunnlagt. 2022-budsjettet bør kunne salderast utan for store inngripande tiltak. Generell utvikling er ein nedgong av fondsmidlar, og at kommunen difor treng gode resultat i åra framover for å fylle opp igjen.

Rådmannen viste til sentrale forhold som grunnrenteskatt til staten. Dersom denne aukar vil det som går til eigedomsskatt til kommunar kunne bli redusert.

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Økonomirapporten pr 2. tertial 2021 vert teken til orientering.

Kommunestyret vedtek justeringar i drift og investering i tråd med tabellane under:

Drift:

(Tal i heile tusen)			
	Endring:	Justert budsj	Nytt budsj
Rådmannen/sentraladm	-1 000	14 075	13 075
Sosial og barnevern	+300	1 517	1 817
Pleie og omsorg	+800	19 513	20 313
Skatt/rammetilskot	-420	-51 000	-51 420
Avdrag	+320	1 280	1 600
Netto endringar:	0		

Investering:

Justering dagsturhytta

	Endring:	Budsjett	Nytt budsjett
Auka utgiftsløyving Dagsturhytta	1 450 000	500 000	1 950 000
Auka inntekt Dagsturhytta	-1 130 000	0	-1 130 000
Auka mva-komp frå Dagsturhytta	-290 000	-100 000	-390 000
Auka fondsbruk Dagsturhytta	-30 000	0	-30 000
Netto	0		

Bil Modalstunet

	Justering	Budsjett	Nytt budsjett
Bil til Modalstunet	800 000	0	800 000
Fondsbruk	-800 000	0	-800 000
Netto	0		
